

Rapport reetablering av gytebekker, Stordal Elveeigarlag 2019

Generell informasjon.

Vi har hatt vann føring under oppsikt i eit år før oppstart

Det var utført synfaringar i alle 4 gytebekker sommar 2018, ved ekstrem tørkesommar for Stordal Vinter synfaringar i februar 2019.

Alle gytebekker er overfiska med el fiske apparat for dokumentasjon før oppstart, sjå eigen rapport
Alle grunneigarar er blitt informert om tiltaka og har gitt godkjenning til dette.

Vi har hatt ein gjennomgang og prosjekt beskrivelse med Miljøavdelinga, Fylkesmannen M&R, før oppstart, og fått den godkjent der. Undervegs har vi også hatt ei synfaring med NVE om flytting av utløpet til ein av gytebekkane

Fjellåna.

I den øvre delen har vi fått samla vann føring i det opprinnelege elvaløpet. Dette var til dels øydelagt med bakgrunn i nokre stein og snøras for ein del år sidan. Dette vil innebære at der blir ei meir jamn vann føring og den øvre delen, om lag 200 m, er no egna for gyting. Vi har lagt ut ein del gytegrus og laga til 2 tersklar, slik at no er det muleg for sjøauren og nå fram til den øvre delen. Vi har ordna utløpet til hovudelva, satt ned 2 mindre steinband slik at der er eit rolegare parti ved utløpet. Der er no vatn ved utløpet ved lita vann føring i hovudelva, slik at auren har ein plass å stå ved utløpet medan den venter på nok vatn til å gå opp i Fjellåna.



Øvre del, nytt løp

Midtre del av nytt løp,

nedre del, nytt løp



Lagt ned flaumvern og laga til slik at sjøauren har ein høl/vaul å stå i ved lav vann føring

Kørsen.

Her har vi lagt ned ein del grus rett over utløpet og endra ein terskel, slik at sjøauren kan gå opp ved noko mindre vann føring. Sjølve utløpet her var ikkje nødvendig å gjere noko med. Vi har lagt ned veldig mykje arbeid i denne bekken med ei lita privat gravemaskin. Vi har bygd 9 tersklar og lagt ned mykje gytegrus. Her vart vi ikkje ferdig og vil lage til 5 nye tersklar til neste år, utanfor dette prosjektet. Her var det dokumentert årsyngel kun i den fremste delen og dette tyder på at der ikkje var gyteforhold i den nedre delen. Manglar gytegrus og habitatet i den nedre delen var dårleg. Etter den nedre delen var ferdig med 7 tersklar var det observert 14 sjøaurepar no i haust, som lagar groper og gytte i den nedre delen



Barfrost, 10 dg minus 8-10 grader. Nedre del – tersklar

Øvre del - tersklar

Moeløken

Her var det lite fisk oppstrøms for fylkesvegen. Prioriteringa vart å lage til terskler med handemakt ved røret gjennom fylkesvegen og å legge ut gytegrus. Samt rydde heile bekken for hindringar som nedfallstre som stengde, samt flytte på eindel stein som faktisk var dumpa i bekken. Truleg ved åkerarbeid i nærheita.



Harpebergløken

Her var det brukt elfiske apparat i heile bekken. Ikkje ein yngel/fisk. Det viste seg at for ein del år sidan var det lagt ned flaumvern og det resulterte i at utløpet gjekk ned på toppen av dette store steinbandet. Vi fekk NVE hit på synfaring og etter det vart det gitt løyve til at vi kunne flytte utløpet om lag 30 m oppstraums og legge ned eit steinband for å sikre det nye utløpet. Her leigde vi inn ei 30 tonns gravemaskin og fekk tilkøyrt om lag -- m3 med stor stein. Vi har laga til tersklar ved 2 rør, det eine går gjennom ein privat veg, den andre går gjennom fylkesvegen. Vi har og laga nokre enkle terskler og lagt ut ein god del gytegrus. Vi tok dette arbeidet sist, i og med at her var det ikkje fisk som gjekk opp i år for å gyte



begge bilder viser det gamle utløpet som går rett ned på toppen av eit flaumvern



Vi er særns nøgd med det arbeidet som vart utført, sjølv om der står att litt handarbeid og justeringar. Vi må ha stor vannføring, og ta synfaring då, for å sjå kor det vil fungere og evt kva som må justerast.

Stordal 03.01.2020
Jarle Hove
Leiar
Stordal Elveigarlag